

Referat

SR 23-27/18

Dato: Torsdag 13. mars 2025

Tid: kl. 17:30 – 19:25

Frammøte:

Rune Hjelmeseter	Møtt
Solfrid Lier Habbestad	Meldt forfall
Bente Hovland Johannesen	Møtt
Anne Vierdal	Møtt
Hildur Larsen	Møtt
Astrid Yasmin Furdal	Meldt forfall
Leiv Rossehaug	Møtt
Sigrund Breistig	Meldt forfall
Lars Severin Reiersen (vara)	Møtt
Lars Edvart Larsen (vara)	Møtt
Rikard Stokkenes (vara)	Ikkje møtt
Eirik Aadland Tappel (geistleg)	Møtt

Ord for dagen med Eirik Aadland Tappel

Saksnummer Sakstittel

SR 18/25 Opprop, godkjenning av innkalling og dagsorden

Innkalling og sakliste vart godkjent. Følgjande saker vart meldt til eventuelt:

- Konfirmanntur til London
- Ettersyn reguleringsplan barnehage i Sveio sentrum

SR 19/25 Godkjenning av referat frå sist soknerådsmøte

På grunn av manglande utsending av referat frå møtet i januar i forkant av førre møte, vert òg referatet handsama i dette møtet.

Merknad til Sak 12/25: kontorsekretær/medarbeidar heiter vel berre «kontormedarbeidar»?

Forslag frå Eirik Aadland Tappel om å dele referata våre med Valestrand og Førde og motsett på fast basis. Eirik delte ut referat frå mars-møtet i Valestrand og Førde i møtet.

Vedtak:

Referata er godkjent. Referat frå dette møtet vert sendt direkte til leiar for Valestrand og Førde.

SR 20/25 Gudstenester sidan sist Orienteringssak

9. februar kl.: 11:00	Innsetting av ny prest med kyrkjekaffi. Fin fest i etterkant
16. februar kl.: 11:00	Utdeling av bibel til 5. klasse – få som møtte 18 %, følgje dette opp neste år for betre deltaking
9. mars kl.: 11:00	Ingen merknad

SR 21/25 Utvalsmøte sidan sist Orienteringssak

Kyrkjeleg fellesråd – det vart sett ned eit arbeidsutval som skal jobbe med sakene i forkant av kvart møte. Det har vore 3 kandidatar på intervju til diakonstillinga. Rekneskapen for fellesrådet blir lagt fram i neste møte.

Koordinator for kyrkjevertgruppe – ingenting å melde

Trusopplæringsutval – ikkje vore møte

Diakoniutval – ikkje vore møte

SR 22/25 Førebuing av årsmøtet for kyrkjelyden søndag 23. mars

Årsmøtet er sett til søndag 23. mars, etter gudstenesta, på soknehuset med kyrkjekaffi.

Oppgåver:

Annonsering – ansvar kyrkjevevja

Årsmelding – ansvar leiar

Rekneskap – ansvar kyrkjevevja

Leiing av årsmøtet - leiar

Tillaging og rydding av lokalet – kyrkjevertgruppe 5 med forsterking:

- Bente blir med å lage til
- Rune og Eirik kan vere med å rydde
- Brukar porselen i tildekkinga i staden for papp denne dagen.

Årsmeldinga var ikkje klar til møtet, det mangla ein del talgrunnlag. Årsmeldinga blir sendt ut på e-post til medlemmene i soknerådet så snart den klar.

Rekneskapen: leiar spør kyrkjevevja om ho vil leggje fram i årsmøtet

Årsmelding med rekneskap blir lagt ut i lokalet på papir – tek høgdepunkta på powerpoint. Leiar spør kyrkjevevja om å skrive ut eit ta eksemplar.

SR 23/25 Fasteaksjonen 2025 – bidrag frå soknerådet

Tysdag før palmesøndag gjennomfører konfirmentane innsamlinga Fasteaksjonen. I år vert det 8. april.

Eirik set opp rode-karta

- I utgangspunktet går konfirmentane i heimtraktene sine
- Tre til å dele ut bøsser: Rune, Bente, Sigrund – oppmøte 16:00
- Soknerådsleiar og prest tel opp pengane og går i banken
- Hildur lagar kakao og bollar

SR 24/25 Eventuelt

Konfirmentleir til London – framlegg frå Eirik Aadland Tappel

Eirik presenterte eit nytt tilbod i konfirmasjonstida: Konfirmentleir i London (Sjømannskyrkja), som eit alternativ i tillegg til Ungdomsklubb-konfirment og Camp Norefjell-konfirment.

- Familiar med økonomiske utfordringar kan søkje om støtte frå Soknerådets konfirmentfond. Viktig at presten kommuniserer dette ut på ein god måte.
- Alternativet å vere klubb-konfirment ikkje blir eit B-alternativ

Soknerådet sluttar opp om at dette alternativet blir lagt til i tilbodet til konfirmentane for 2026.

Ettersyn reguleringsplan barnehage i Sveio sentrum – framlegg frå Rune Hjelmeseter

Leiar fekk informasjon om at det er lagt ut ettersyn for reguleringsplan for barnehage i Sveio sentrum, i området sør for kyrkja. Soknerådet sendte inn høyringsutkast i juni 2024, der ein viste til «vernesona» på 60 meter rundt kyrkja og frykta sjenanse for gravferder med ein barnehage som næraste nabo.

Leiar set seg inn i sakspapira og lagar eit utkast til svar frå soknerådet til møtet i april. Frist for å sende inn merknader er 28. april.

SR 25/25 Møtekritikk

Ingen merknader

Møtet vart heva.

Referent:

Rune Hjelmeseter

17. mars 2025